

## Granvinssongen

Henrik Meyer Kvaalem skreiv i 1934 teksten «Granvin» som Sigurd Kjerland tonesette. Songen har vorte kjent og kjær for gravensaren, og er mykje brukt td i anledning 17. mai.

*Draumfagre bygdi i Indre Hardanger,  
Granvin, du blømande stormstille krok.  
Hordane fann deg og nemnde deg Anger,  
Grøderik jord i si tenest dei tok.  
Med' år og aldrar rann,  
her folket heimvist fann.  
Heimane reiste seg, mann ved mann.*

*Ei skal me brikja med storslagne ordi,  
annan stad større vist mangt er å sjå.  
Men våre fedrar har rudt denne jordi,  
Fann her sin stordom so stillt i det små.  
Med stong og spett og grev  
sitt liv i truge strev  
skapte oss bygdi so rik og gjev.*

*Soli den bjarte, og himlen som dogga  
grøderik jord og gav mognande korn,  
det er den moder som song ved vår vogga,  
gav av si kraft til dei livsfriske born.  
Og sjå den stolte nut  
med høgd og vidsyn ut,-  
speglende atter kvar Granvins gut.*

*Enn sjå når vårflaumen skundar på ferdi,  
syng so det svarar i fjelli: Kom!  
Mange slær lag til den gullfylte verdi,  
Stader med større og rikare rom.  
Men heim til skog og kratt,  
til dal og lidi bratt  
lengtar dei alle ved dag og natt.*

*Me som er unge og vanskar skal tøyma,  
trygt vil me sitja og vidt vil me sjå.  
Arven frå fedrane aldri å gløyma:  
finna vår stordom so stillt i det små.  
Når kvardags kav og jag  
ber ungdoms viljedrag,  
framtid i fylgjer det unge lag.*